

Framlegg til planprogram.

Kommunedelplan Helse og Omsorg. Hornindal kommune.

1. Innleiing

Sist vedtekne kommunedelplan for Helse og omsorg i Hornindal kommune er frå 1999- 2001.

1.2 Planavgrensing

Nokre brukarar får tenester frå fleire ulike kommunale tenester. Denne planen fokuserar på helse og omsorg sine ansvarsområde.

Vi er no i startfasen av samhandlingsreforma. Denne planen vil vere gjeldande for perioden 2014- 2030, med rullering kvart av åra.

1.3 Overordna formål

Planen skal vere eit styringsverktøy for politikarar og tilsette i Hornindal kommune.

Planen skal tilføre kunnskap om faktasisuasjon i kommunen og vere retningsgivande for kva veg utviklinga av tenestene skal gå.

Hovudmål:

At innbyggjarane i kommunen skal få tenester av god kvalitet tilpassa den enkelte sitt funksjonsbehov.

1.4 Planprogram

Planprogrammet er ein *plan for planlegginga* av kommunedelplan for helse og omsorgstenestene i Hornindal kommune for perioden 2014- 2030.

Plan og bygningslova § 4.1. 2 ledd : "Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten."

2. Overordna rammer

Følgjande overordna rammer vert lagt til grunn for planarbeidet:

2.1 Nasjonale føringar

Noregs lover, forskrifter, stortingsmeldingar, rundskriv, vegleiarar for helse og omsorgstenesta

2.2 Regionale føringar

Fylkesplan, befolkningsstatistikk, m.m.

2.3 Kommunale føringar

Hornindal kommune sin kommuneplan for 2004- 2015 del II mål og strategidel, eigengodkjend av kommunestyret den 25.03.2004, seier at Hornindal kommune skal byggje på følgjande visjon:

” Hornindal kommune skal utvikle seg til å bli eit knutepunkt mellom regionar. Hornindal skal vere ei attraktiv bukommune som legg vekt på det og vidareutviklar ”det gode liv” i bygda. ”

Kommuneplan:

	Namn	Revidert/ Vedteken	Rullerast
1.	<i>Kommuneplan 2004-2015</i>	V.25.03.2004	
	<i>Del I Analyse og utfordringsdelen</i>	V.25.03.2004	
	<i>Del II Mål og strategidelen</i>	V.25.03.2004	
	<i>Del III Arealdelen</i>	V.25.03.2004	
	<i>Handlingsplan for utvikling i Hornindal</i>	V.15.09.2005	
2.	<i>Økonomiplan 2013-2016</i>	V.13.12.2013	12.12.2013

Kommunedelplanar:

	Namn	Revidert/ Vedteken	Rullerast
1.	<i>Helse og sosial plan. 1999- 2001.</i>		
2.	<i>Operativ plan for Helsemessig og sosial beredskap i Hornindal kommune</i>	17.06.2004	
3.	<i>Risiko og sårbarheitsanalyse som grunnlag for operativ plan for helse og sosilaberedskap</i>	17.06.2004	

Temaplanar:

	Namn	Revidert/ Vedteken	Rullerast
1.	<i>Kompetanseutviklingsplan 2006-2009.</i>	V.09.05.2006	
2.	<i>Smittevernplan</i>	R.16.06.2013	
3.	<i>Plan for pleie og omsorgstenesta (eldreplan)1999- 2001</i>		
4.	<i>Psykiatriplan 2001- 2006</i>		
5.	<i>Plan for habilitering og rehabilitering.</i>	V.18.12.2008	
6.	<i>Alkoholpolitisk plan 2012- 2016</i>		
7.	<i>Plan for tverrfagleg samarbeid i Hornindal kommune – barnehage-skule-oppvekstkontoret – helse- sosial.</i>	V. 17.06.2004	
8.	<i>Lønnsplan</i>	1998	

Ein ser det kan være naudsynt med følgjande utgreiingar i løpet av planperioda:

- Plan for demensomsorga
- Bustadsosial handlingsplan
- Ruspolitisk handlingsplan
- Eldreplan
- Ikt

- Førebyggande arbeid
- Rehabilitering
- Psykiatri
- Kompetanseutviklingsplan
- Alkoholpolitisk plan
- Smittevernplan
- Beredskapsplan
- Skulehelse
- Lønnspolitisk plan
- Rekrutteringsplan

3. Hovudtema for planen

3.1 Innleiing - med oppsett over hovudutfordringane

3.2 Hovudtema:

3.2.1 Generelle tema

Rekruttering/Behalde	Kva tiltak vil styrke rekruttering til definerte yrkesgrupper? Tiltak for å behalde medarbeidarane?
Kompetanse	Korleis sikre nødvendig kompetanseoppbygging?
Krisearbeid	Evaluering av psykososialt team/ kriseteam
Universell utforming	Skal ivareta kast
Velferdsteknologi	Vurdere velferdsteknologiske hjelpemiddel?
Førebygging	Tiltak som fremjar folkehelse? Tiltak som motverkar livsstilsjukdomar?
Samhandling internt i administrasjonen	Tiltak til tverrfaglig og tverretattlig samarbeid?
Rehabilitering	Tiltak og modellar for rehabilitering?
Omsorgslønn	Utarbeide kriterier for tildeling av omsorgsløn
Samhandling med frivillige lag og organisasjonar	Finne naturlige arenaer for samhandling. Vidareutvikle samarbeidet med frivilligsentralen
Koordinerande eining og individuell plan	Opprette koordinerande eining og auke bruken av individuell plan.
Integreringsarbeid	Tiltak retta mot framandkulturelle/ arbeidsinnvandrarar.

3.2.2 Helse

Førebygging for å motvirke livsstilsjukdomar	Tverrfagleg samarbeid. Helsestasjon for ungdom. Frisklivscentral. Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
	Bemannings-/bemanningnorm i høve helsestasjonsarbeidet/elevtal skule.
Legetenesta	Samarbeid/tilsyn med omsorgssenter, heimesjukepleie, psykiatri,

	helsestasjon, skulehelsetenesta og evt. andre - kriterieier/tal timar. Offentleg helsearbeid(smittevern/helsevern)
Fysioterapi	Utarbeide henvisningsrutiner i høve omsorgstenesta. Utskriving frå sjukehus, -tal stillingsheimlar fysiterapi. Vurdere kommunalt tilskot versus privat tilskot.
Jordmortenesta	Samarbeidsavtalar – sjå på kapasitet vs.kjøp av teneste frå Helse Førde.

3.2.3 Eldre

Demensomsorg	Skjerma eining, bukollektiv? velferdsteknologi bemanning, kompetanseheving, pårørandesamarbeid/pårørandeskule Grøn Omsorg?
Heimeteneste	Bemanning, natt-teneste, kveld/helg. Vurdere Fredricia-modellen, Vurdere kriterier for tildeling av heimetenester. Vurdere å utvikle standardar for praktisk hjelp i heimen. Kontorlokale?
Sjukeheim	Vurdere tal langtids plassar/ korttids plassar Enkeltvedtak på sjukeheimen Bemanning Aktivering Legetilsyn Pårørande /samarbeid med frivillige Vurdere ulike rutiner Samarbeid fysioterapi i forhold til rehabiliteringspasientar
Omsorgsbustadar	Vurdere bemanning og funksjonalitet Kriteriar for tildeling.
Rehabilitering/ avlastning/korttids/ observasjons plass	Vurdere behovet for plassar. Vurdere behov for nytt utstyr i forhold til at legesenteret flyttar.
Førebyggjande tenester	Forebyggjande samtale til alle eldre over 70 år (75)
Dagavdeling	Vurdere fleire opningsdagar Antall brukarar Skyssordning Samarbeid med frivillige Innhald i arbeidet
Kjøkken	Matombringning Serveringa. Bemanning. Vurdere arbeidsoppgåver.

3.2.4 Funksjonshemma

Dagtilbodet	Kan vi opprette dette i Hornindal kommune?
Integrering/ Aktivitetstilbod	Kva er satsingsområda? Fritid med bistand, sosiale tiltak, støttekontakter, grøn omsorg, etc
Førebygging	Forslå tiltak som kan virke helsefremjande for denne gruppa.
Arbeid	Kan vi utvikle relevante arbeidstilbod i kommunen?

3.2.5 Rus

Heimeteneste	Tiltak som gjev denne gruppa gode heimetenester. Samarbeid med pleie- og omsorg
Bustad	Bustadsosiale tiltak
Førebygging	Helsefremjande tiltak. Førebyggande tiltak. Samarbeid med politi.

3.2.6. Psykiatri

Dagsenter	Vurdere aktivitetstilbodet
	Kriterier for bistand?

3.2.7. Sosial

Førebygging	Helsefremjande tiltak. Saman med frisklivssentral.
Samarbeid med frivilligsentral og andre frivillige organisasjonar	Arbeidstrening. Hospitering. Lage gode tiltak saman.
Bustad	Bustadsosiale tiltak

3.2.8. Barnevern

Førebygging	Førebyggjande tiltak barn og unge
Samarbeid med øvrige delar av tenesteapparatet	Tett kontakt med skule, barnehage, helsestasjon m.m
Informasjon	Informasjonsmateriell, deltaking på møter m.m. Oppdatere informasjon heimesider mm
Rutiner	Kvalitetslosen oppdatert

3.2.9 Bustadar

Bustadsosial handlingsplan er ikkje utarbeida.	Behov for kommunale bustadar må kartleggast. Behov for type kommunale bustadar må definerast.
--	---

3.2.10 Interkommunalt samarbeid og andre helsetilbod:

Legevakt	Vurdere kost/nytte? Evnt andre utgreie alternativ
Legevaktformidling	Vurdere kost /nytte? Evnt andre utgreie alternativ
Samfunnsmedisin	Vurdere kost/nytte? Evnt andre utgreie alternativ
Øyeblikkeleg Hjelp Senger	Vurdere kost /nytte? Evnt andre utgreie alternativ
Jordmorteneste	Vurdere kost /nytte? Evnt andre utgreie alternativ
Kreftsjukepleiar	Vurdere kost /nytte? Evnt andre utgreie alternativ
Helse Førde	
Helse Møre og Romsdal	
Krisesenter	Vurdere kost /nytte? Evnt andre utgreie alternativ

4. Konsekvensutgreiingar

4.1 Generelt

Konsekvensar for miljø og samfunn skal kartleggast og omtalast.

Konsekvensvurderingane skal vere ein integrert del av planen. På kommuneplannivået er konsekvensar på overordna nivå som vert vurdert.

4.2 Utgreiingskriterier

Vi skal vurdere konsekvensar ved eksisterande tiltak.

Vi skal vurdere konsekvensar i forhold til eksisterande infrastruktur

Vi skal vurdere økonomiske konsekvensar opp mot kost /nytte

Vi skal vurdere konsekvensar i forhold til samfunnsinteresser

Vi skal vurdere moglegheiter for gjennomføring av tiltak med omsyn til økonomiske rammer.

4.3 Metode - omsorgstrappa-

(Sjå vedlegg1)

5. Trong for grunnlagsdata og utgreiingar

t.d. statistikk, folketalframskriving m.m.

Kostra

Iplos

Brukarundersøkingar

6. Organisering av arbeidet

6.1 Organisasjonskart (sjå vedlegg 2)

6.2 Rolle til dei einsskilde aktørane (sjå vedlegg 2)

7. Medverknad

Plan og bygningslova og helse og omsorgstenestelova gjev føringar for medverknad.

7.1 Generelt

Det vert lagt opp til to høyringar:

- ved forslag til planprogram: (i planutvalsmøte den 02.09.2013)

- ved ferdig plandokument (mai/juni 2014)

7.2 Høyring av planprogram/ Offentleg ettersyn

Det er innbyggjarane i kommunen som er hovudinteressentar i planen. Det er dei som er brukarar av dei kommunale helse og omsorgstenestene. Det er difor svært viktig at kommunen legg til rette for at innbyggjarane kan engasjere seg og vere med å utforme dei framtidige helse og omsorgstenestene i kommunen.

a) Kommunestyret.

Det vert lagt opp til eit temamøte med tverrpolitisk gruppearbeid i kommunestyret 7. november 2013 i samband med framlegging av sak om kvalitet i omsorgstenesta.

b) Ulike berørte partar.

Kommunale råd og utval, som t.d. eldreråd, råd for menneske med nedsatt funksjonsnivå, ungdomsråd, frivillige lag og organisasjonar, ulike faggrupper og interesseorganisasjonar,

c) Sak på kommunen si heimeside.

Presentasjon av saka, saksdokument og liknande.

Link for å gje tilbakemelding på e-post.

d) Fagmøter/ Temamøter/Folkemøte

Det vert gjennomført ulike fag/tema møter i forhold til relevante spørsmål innan saksområdet. Det vert arrangert eit ope folkemøte for å presentere arbeidet med tanke på å få tilbakemeldingar(høyringssvar)

8. Framdrift

Milepæl og framdriftsplan for planarbeidet:

(Sjå vedlegg 3)

9. Handlingsplan –iverksetting av tiltak

Handlingsplan som skal rullerast årleg i samband med budsjettarbeidet med tiltak som er retta mot:

- Brukar
- Innbyggjarane(det sivile samfunn)
- Organisasjonen (Hornindal kommune)